Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. X. 2 — Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Leirfjord.

Emne: — Bygdelag:

Oppskr. av: Birger Jåstad — Gard:

(adresse): Leirosen — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Det meste er av eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) På mindre gardar og småplassar må ein for det meste bera højet inn på ryggen. På vanlege gardar brukar ein hest. Det hev vore mykje utmarksslåttar alle tider. Og endå slår dei i utmarka mange stader. Men mest utmarksslåtte no for tida er på Tovåsgardane. Utmarksslåtta brukar ein helst på mindre bruk, men dei større bruk har heller ikkje forkasta denne måten. 2) Ein mann som ikkje har hest, kan dra højet heim på skarföre, eller han leiger hest og mann. Til stakken ber ein i „kjemmår" (ei) eller i „bölär" (ei). Det er ikkje ofte ein hesjar i utmarka. Til löa må ein bere i „bålår". Når ein ikkje har tau, kan dei ber i ei krull ei lesse højet, lekpå eit stort ris (skaf) (eit) og so dreg ein beint ned lia. På flat mark brukar ein to lyppar som ein legg højet på, og ber so på dei. Ein legg vel ikkje fullt fo„bölår" på dei. Sume har og ei tre grind IIII dei ber på. Sume ber „højböla" slik at dei stikk armane inn i bandet og får „böla" midt på ryggen. Stundo snorer „böla"

og lyfter ho opp på herda og pröver å
få ho til å liggje så högt på herda
som mogleg. Dei fleste reiser seg med
„bäla' sjölv utan hjelp. Barna har
alltid vore med i alt heyonnarbeid. Det er dei
i dag og så. Dei har brukta og brukar „togsekk'
når dei rulla höy ned gjenom ei eller
utfor höge ufser. Denne er laga som
ei grov not eller groft kveitegarn og
ser ut som ei kavlenot når han er
attanoia. „Togsekken' var og er laga av
snöre eller tjukke tråd. Han fekk
sitt namn på denne måten å
frakte höy på. Berre få plassar
har dei prövd seg med löypestreng. Her
er ikkje nokke bruk for det heller. Ut-
slåttene ligg ofte på ävegrer. Trille
bor (handjul-kål) er nytte
brukta på små bruk. Dei brukar
eit vanleg handjul. Men når det
vert brukta i höytransport set dei
opp eit eller anna framme so
at höyet skal fara framover
trilla. Her berre sett vanlege
handjul i bruk. Det er vaksne karar
som brukar handjulet. Eg har set eit
redskap vore brukt i bratte bakkar
det såg ut som ei bäre, men
bak var det meiar. Og so la ein
dugeleg höy på det og so drog ein
unda bakke.  Slik omlag såg det
ut. Det var om sumaren det var
i bruk. Her brukast no mange
litle handvogner på små bruk.

273

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3) Ein kjörde helst höjet på vinterføre. 3
Men det hende at ein kjörde på
sommarføre og.
4) No for tida brukar ein helst
lang vogn  med skinne
for å halde höjet på plass. Men for
fedrar å sidan var sleder svert
vanlege. Og på utslåtter var det
som vanleg sleden som vart bruka.
I den siste tida har nokre fått fire-
hjulvogn. Hjulslede har eg ikkje
höjrt tale om. Ordet slede brukast
ikkje om höjvogna. Eg har sett
sleder som dei la stoving under.
Dei kalla sledane „sommarsleden"
(ein) Har ikkje höjrt om reglar
for sledeköjring. Det er visst
berre etter beste skjøn. Ikkje
reglar for hjulköyring heller. Det var
og ei serskild höjvogn ein bruka
og brukar til höj og kornkjöring.

Dei reknar her at ute i
bygder vert eit bra lass.
Siste lasset kjem eg ingen ting höjrt
om.

Lasset vart festa med höjtaug.
Ein seier at ein „jöler" lasset.
Det gjerdetoget kallar ein her
for reip



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ein har ikkje hestar her og brukte jamt berre ein hest for høysleden. Her er ingen tradisjon for deling av høy på fellesslått. Ein skysste høyet heim på gjeft føre om vinteren. Ofte brukte ein [illegible] veg der dei låg høveleg til. For å skytte seg av same snøbrøytinga nytta ein same veg og same tid for vinterkøyringa. Sjølvsagt måtte nok ein brøyte åleine og dei andre fylgde etter. Men på andre gardar er det tradisjon om at bøndene hjelpte kvarandre med vegbrøyting.

Kjøringa av høy går og i dag for seg på same måte. Dei fleste brukar stålmeiar på sledane no. (Mange hadde vel berre eit par meiar om lasset for.)

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 273
BYGDØY